

Sak til Samarbeidsutvala

Går til:	Medlemene i Samarbeidsutvalet for Nordhordland
Dato:	19. februar 2020
Sakshandsamar:	Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld::	Oppfølging av tiltak i Handlingsplan 2019; Felles øving om pandemisk influensa
Saksnummer	04/20

Bakgrunn for saka:

[Avtale om samhandling i forbindelse med pandemisk influensa](#) (særavtale til Tjenesteavtale 11 og 12) er utarbeidd og signert av partane.

Avtale om samarbeid ved pandemisk influensa;

- skal bidra til å gje innbyggjarane nødvendig helsehjelp under ein influensapandemi
- sikra ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom kommunar og sjukehus
- under punkt 2.2 i avtalen står det: *Avtalepartene skal tilstrebe å delta i de andre partenes øvelser.*

Handlingsplan 2019

- Legg føringar for felles aktivitet som partane er samde om å prioritere i inneverande år.
- Tiltak 1.1: Implementere avtalen med aktuelle tiltak, og mellom anna vurdere å gjennomføre ei første felles øving.

Særavtala har fokus på [samhandling](#) for å sikra ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom kommunar og sjukehus i samband med ein influensapandemi. Partane er samde om at det skal setjast ned ei koordineringsgruppe som skal ha ei sentral rolle i dette arbeidet. Det er i utgangspunktet dette som må ha fokus i ei øving.

Samarbeidsutvala vedtok i september 2019 å setja ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å følgja opp punkt i handlingsplan 2019, og å utarbeida forslag til plan for gjennomføring og evaluering av ei fellesøving.

Arbeidsgruppa har hatt følgjande representantar:

Organisasjon:	Namn/rolle/funksjon:
Bergensregionen:	Arild Iversen Ass. kommuneoverlege Askøy
Nordhordland:	Reidun Halland Rådmann Gulen
	Martin Kulild (vararepr.) Rådmann Meland
Voss Lokalsjukehusområde	Eystein Hauge Kommuneoverlege
Bergen kommune	Kari Øystese Overlege - Smittevernoverlege, Smittevernkontoret
	Jon Andreas Bratberg Overlege, Kommuneoverlegen
Haraldsplass Diakonale sjukehus	Rebekka Ljosland Samhandlingssjef
	Elena Sandgate (vararepr.) Rådgjevar Samhandling
Helse Bergen HF	Brit Pedersen Spesialrådgjevar, Føretakssekretariatet
	Trond Bruun Seksjonsoverlege Infeksjonsmedisinsk seksjon
Fylkesmannen i Vestland	Anne Catherine Fasmer Eide Rådgjevar
Samarbeidssekretariatet (SSE)	Grete-Lill Hjartnes Seksjonsleiar HB og medlem i SSE
	Anne Hildegunn Færøy Samhandlingskoordinator i Nordh. og medlem i SSE

I samsvar med særavtala skal kommunar og sjukehus i føretaksområde implementera særavtala i eigne beredskapsplanar og utpeika **ein fast** representant og **ein vara** som skal være kontaktperson i hhv kommune og sjukehus i *høynet beredskapsfase*.

Vidare må kommunane i samarbeidsutvalsområdet utpeika **to** representantar blant kontaktpersonane i sitt område som skal delta i **koordineringsgruppa** saman med representantar for spesialisthelsetenesta. Det vert vist til pkt. 3.1.1. i særavtala; *Kommunene i de ulike samarbeidsutvalgsområdene skal oppnevne to representanter blant kontaktpersonene i sitt område, for deltageise i en koordineringsgruppe sammen med representanter for spesialisthelsetjenesten.*

Representantane skal ha ei koordinerande rolle for kommunane dei representerer og ha oversikt over tilgjengelege ressursar og planar for utvida kapasitet.

Samtidig med pågåande planlegging av ei fellesøving knytt til pandemisk influensa har Helse Bergen sendt ut denne meldinga til kommunane i føretaksområdet; *WHO har erklært global helsekrise. Nasjonale myndigheter ber oss om å forberede tiltak for å håndtere dette i Norge. Som ledd i dette iverksettes vår felles avtale for håndtering av pandemisk hendelse.*

I meldinga er kommunane bede om å melda inn kontaktpersonar, samt å utpeika to representantar blant kontaktpersonane i sitt område, for deltaking i koordineringsgruppa saman med representantar for spesialisthelsetenesta. (Melding sendt frå Helse Bergen til postmottak i kommunane 31.01.2020)

Det må vurderast om representantar som er meldt inn i samband med denne hendinga skal halda fram med å representera kommunane i koordineringsgruppa.

Dersom det vert endringar må dette meldast til Helse Bergen ved [Brit Pedersen](#).

Arbeidsgruppa ber kommunane om å melde inn forslag til utfordringar som bør øvast på. Dette kan meldast til Helse Bergen v/ [Brit Pedersen](#).

Arbeidsgruppa sitt forslag til øvingsmål og plan for gjennomføring av fellesøving:

Øvingsmål:

- Å sikra ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom kommunar og sjukehus i samband med ein influensapandemi.
- Å sikra at partane er kjent med innhaldet i avtala og har ei felles forståing for kva det inneber.
- Å prøva ut mandatet til koordineringsgruppa – avklara roller og mynde i gruppa.
- Å sikra nødvendig informasjon og kommunikasjon;
 - Informasjon til innbyggjarane
 - Informasjon og kommunikasjon mellom partane – til dei tilsette m.v.

Tid for gjennomføring: 18. - 25.mai 2020

Gjennomføring - ei stegvis tilnærming:

1. **18.mai:** Helse Bergen ved beredskapsansvarleg sender varsel om øving til medlemmene i koordineringsgruppa (SMS-varsling) med melding om at gruppa skal samlast, samt om tid og stad. Det vert også gitt naudsynt informasjon om kva som må førebuast i forkant av øvinga.
2. **25.mai, kl. 9 - 13:** Samling av koordineringsgruppa til ei «Table-top» øving. Bikuben, Haukeland universitetssjukehus
Mål: gjennomgang av koordineringsgruppa sitt oppdrag og gjennomgang av nokre scenario
3. **25.mai, kl. 13 – 15:** Evaluering av «table-top» øvinga.
4. Fylkesmannen i Vestland vurderer på eit seinare tidspunkt om det skal gjennomførast ei fullskalaøving om pandemisk influensa.

Leiing av øvinga: Helse Bergen

Observatørar: invitere ressursar/beredskapsansvarlege frå andre helseføretak og kommunar, Fylkesmannen v/ beredskapsavdelinga og Fylkeslegen og medlemmer i samarbeidssekretariatet.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til forslag til plan for gjennomføring av fellesøving slik det er skissert over.

Samarbeidsutvalet for Nordhordland utpeikar xxxxx og xxxxx som faste medlemmer i koordineringsgruppa for kommunane i utvalsområdet, samt xxxxx og xxxxx som vararepresentantar.